

Du finn oss (der flagget er plassert):

- nær Ålesund sjukehus (ved Åse)
- nær hjelpemiddelsentralen
- nær post, bank, kino, kjøpesenter .



Vi planlegg fast gruppeopphald vår og haust. For nærare dato på opphalda, eller om du ynskjer fleire opplysningar, ta gjerne kontakt med oss.

Søknadsfrist : 1.mars og 1. august

Send søknaden til:

*Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter
Borgundfjordveien 81, 6017 Ålesund.*

Telefon 70 17 87 00, telefaks 70 17 87 30

E-post: nevrohjemmet@helse-sunnmore.no



Neurologisk avdeling

Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter



Informasjonsopphald-MS

Er du interessert i å treffe andre med same utfordringar som deg?

Informasjonsopphald / gruppeopphald for MS-pasientar.

Tilbodet er eit gruppebasert informasjonsopphald / meistringskurs for personar med MS. Det har ikkje tidligare vore gitt eit slik tilbod i fylket eller regionen.

Vi ser ei utfordring i å kunne tilby eit opphald med høg trivsel og fagleg kvalitet med aktivitetar både innan- og utandørs.

Informasjon om Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter

Vi held til i lyse og trivelege lokale nær Ålesund sjukehus. Vi har fjorten einerom .



Vi er ein del av den spesialiserte rehabiliteringstenesta i Møre og Romsdal. Du betaler ikkje noko for opphaldet.

Mål med tilbodet:

- Gje brukarar med MS og deira pårørande eit tilbod om informasjon og vegleiing slik at dei vert betre i stand til å meistre kvardagen og leve med ein kronisk sjukdom.
- Brukarane får utveksle erfaringar i møte med andre menneske i lignande situasjon.

Målgruppe / Kriterier for inntak:

- Nyleg diagnostisert MS med ønskje og behov for meir informasjon.
- Andre som har hatt sjukdomen ei tid og som har behov for informasjon.
- Søknad frå lege.

Organisering av tilbodet:

Det vert inntak i grupper med inntil 6 pasientar pr. gruppe. Varigheita er 5 dagar for MS-pasientar og 1 dagsseminar for familie / pårørande.

Førelesarar vert personalet frå Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter, Nevrologisk poliklinikk og eksternt innleigde.

Tema som vert tatt opp er mellom anna:

Informasjon om sjukdomen, fysisk aktivitet, meistring av kronisk sjukdom og informasjon om hjelpeordningar.

Det vert lagt vekt på felles aktivitetar og sosialt samvær.

Brukarmedverknad og deltaking ser vi på som svært viktig. Vi har difor hatt med ein brukarrepresentant i utarbeidinga av tilbodet.